

**[1] Den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite
Møte tirsdag den 16. januar 1973 kl. 9.00.**

Møtet ble ledet av formannen, H e l g e S e i p .

Til stede var: P. Borten, T. Bratteli, K.M. Fredheim, K. Frydenlund, A. Nilsen (for G. Hansen), A. Haugstvedt, Otto Lyng, M. Munkebye, T. Ofstedal, Erling Petersen, H. Seip, K. Willoch, J. Østby, L. Granli, B. Ingvaldsen, G.A. Larsen, Annemarie Lorentzen (for I. Bakken), J. Aano (for K.J. Brømmeland), R. Fjeldvær, H. Hegtun (for G. Garbo), A. Hagen, Aase Lionæs, G. Berge (for S. Ludvigsen), S. Stray og E. Engan (for J.A. Vikan).

Av Regjeringens medlemmer var til stede: Statsminister Korvald, utenriksminister Dagfinn Vårvik, statsråd E. Moxnes, Landbruksdepartementet, statsråd Hallvard Eika, Handelsdepartementet, statsråd Ola Sjåk Bræk, Industridepartementet og statsråd Trygve Olsen, Fiskeridepartementet.

Følgende embetsmenn ble gitt adgang til møtet:

Fra Statsministerens kontor: statssekretær Harald Synnes.

Fra Utenriksdepartementet: statssekretær Tormod P. Svennevig, ekspedisjonssjef

Kjeld Vibe, byråsjef Ulf Underland og politisk sekretær Asbjørn Ringen.

Fra Handelsdepartementet: ekspedisjonssjef Odd C. Gøthe.

D a g s o r d e n :

1. Muntlig redegjørelse av utenriksministeren om
 - a) Spørsmålet om en avtale mellom EFTA og Spania.
 - b) Spørsmålet om diplomatiske forbindelser med DDR.
2. EF-saken.
3. Vietnam-situasjonen.

Formannen: I forståelse med statsministeren vil jeg foreslå at vi i dag nøyer oss med å ta EF-saken – siden det er den som det haster mest med, og det er vel der det er av spesiell interesse å få en orientering – i og med at møtet i Odelstinget begynner kl. 10. Men vi vil da komme tilbake til om vi ikke også skal ta det ordinært innkalte møtet på torsdag, bl.a. for å ta opp EFTA-saken og de andre sakene som er nevnt på kartet.

Jeg gir ordet til statsministeren.

[2] Statsminister Korvald: Før handelsministeren kommer inn på de siste hendelser i forbindelse med EF-saken, skal jeg bare kort vise til de dokumenter som er sendt rundt. Det er seks dokumenter:

1. Den endelige tekst til norsk memorandum av 4. desember.

2. Referat fra handelsminister Eikas samtaler i Brussel i forbindelse med overleveringen av det norske memorandum.
3. Kommisjonens rapport til EF's Ministerråd med forslag til mandat for forhandlingene med Norge.
4. Referat fra forhandlingslederens samtale med generaldirektør Wellenstein den 19. desember.
5. Referat fra forhandlingslederens samtaler i Bern og Wien den 20. og 21. desember, og
6. Melding fra ambassaden i Brussel om behandlingen av forhandlingsmandatet i COREPER.

Jeg bad først om et møte straks Stortinget kom sammen etter nyttår. Det møtet bad vi siden om måtte bli noe utsatt, idet vi mente da å kunne komme med mer konkrete ting ut over de rapportene som jeg her har referert. Vi bad opprinnelig om å få holde dette møtet på mandag i denne uken, og det ble berammet til torsdag, men så kom forskjellige rapporter i løpet av uken som gjorde at man fant at det ville være tjenlig at handelsministeren og deler av forhandlingsdelegasjonen foretok en reise til EF-landenes hovedsteder. I forbindelse med det så det ut til at forhandlingsmandatet ikke ville komme før i begynnelsen av februar. I slutten av uken, så sent som lørdag, så det imidlertid ut til at man tenkte å behandle forhandlingsopplegget i Ministerrådet i går, hvilket ble gjort, som man nå kjenner til, og at det da kunne komme på tale at man allerede fikk mandatet klart.

Regjeringen vurderte det imidlertid slik at handelsministerens reise i alle tilfelle burde foregå. Uavhengig av hva man måtte komme fram til på ministerrådsmøtet i går, fant jeg det da riktig på lørdag å be formannen om å få dette møtet enten mandag eller tirsdag, slik at man kunne ha en drøftelse i komiteen før handelsministeren dro ut på reisen.

Regjeringen regner med at det vil bli behov for fortløpende kontakter med komiteen framover. Det vil nå bli utarbeidet – det er forresten allerede under arbeid – en omfattende redegjørelse for Norges syn, som et første dokument når forhandlingene tar til. Dette opplegget vil man drøfte med komiteen.

Det vil for øvrig være andre spørsmål som spesielt hviler på norsk side, nemlig hvilket standpunkt man skal ta til de alternativer som foreligger når det gjelder tilknytningen til Kull- og stålfellesskapet, spørsmålet om tilbaketrekkingslister og spørsmålet om skipsfartspolitisk samarbeid, for å nevne noen saker. I tillegg kommer da selve forhandlingene framover, med de problemer man der vil stå overfor.

Jeg går ut fra at handelsministeren kan komme inn på det mer konkrete forhandlingsopplegg.

[3] Statsråd Hallvard Eika: Eg vil ta til med å minna komiteen om det norske memorandumet som vart overlevert i Fellesskapets Ministerråd i Brussel den 4. desember. Som kjent inneholdt dette memorandumet den formelle presentasjon av

dei norske forhandlingsmåla, med utgangspunkt i det avtalemønster som er lagt til grunn for dei andre EFTA-land. Den endelege teksta til memorandumet er sendt komiteen, og det skulle difor vera uturvande for meg å gå inn på innhaldet av den teksta i dag. Komiteen har like eins fått tilsendt referat av dei samtalene som eg hadde i Brussel i samband med overleveringa av memorandumet.

Det norske memorandumet vart handsama raskt i Kommisjonen.

Medverkande til at det kunne gå så pass raskt som det gjorde, var etter vårt syn dei etter måten omfattande oppklarande drøftingar som hadde gått føre seg mellom Kommisjonens embetsmenn og den norske forhandlingsdelegasjonen i tida før overleveringa av memorandumet. Alt den 13. desember kunne Kommisjonen difor gje sin rapport til Fellesskapets Ministerråd om forhandlingane med Norge, og i denne rapporten inngjekk framlegg til forhandlingsmandat.

Denne rapport i norsk omsetjing har komiteens medlemmer fått tilsendt, og eg går difor ut frå at den er studert, slik at det ikkje har noko føremål for meg i dag å bruka tid til å gjennomgå i detalj denne rapporten om mandatutkastet. Eg vil berre som ei oppsummering av denne rapporten minna om at Kommisjonen i sitt opplegg tok sikte på å forhandla med Norge om ei avtale som i grunntrekka følger den svenske handelsavtalen, utvida med eit nytt «følsomt» vareslag, samstundes som spørsmålet om forhandlingar om våre særkrav innan fiskevaresektoren og om skipsfartskonsultasjonar vart halde ope. Eg synest det er grunn til å leggja vekt på at Kommisjonen for sitt vedkomande ikkje fann at Fellesskapet hadde nokon trong til forlengde overgangstider for norske industriprodukt i høve til det som er vanleg i handelsavtalene med dei andre EFTA-landa, særleg når det galdt ein part som i utgangspunktet for forhandlingane spesielt hadde bedt om stuttare fristar.

Kommisjonens rapport fekk si første reint formelle handsaming i Ministerrådet den 19. desember og vart derifrå sendt til vidare handsaming i Dei faste representantars komite – den som kallast COREPER. I samsvar med vanleg praksis handsama så COREPER dette spørsmålet i eit særleg arbeidsutval – den såkalla 113-komiteen.

I samband med rådshandsaminga den 19. desember hadde den norske forhandlingsleiaren på ny samtaler av uoffisiell karakter i Brussel, og komiteen har fått seg tilsendt referatet frå ambassadør Evensens samtaler med generaldirektør Wellenstein i Kommisjonen.

Eg skal heller ikkje gå spesielt inn på det, men det er eit spesielt moment som kom fram under desse samtalene, som eg finn grunn til å nemna, nemleg den vekt ein på kommisjonshald legg på prissystemet for kol- og stålvarer.

Vi står i alle høve som eit utgangspunkt formelt i den situasjon at vi har eit fritt val mellom den avtaletype som Sveits har på dette feltet – dvs. ei avtale som føreset at ein ikkje treng å godkjenna Fellesskapets prisreglar – og den avtaletype [4] som Sverige og dei andre EFTA-land har, der partane vert bundne av Fellesskapets prissystem når det gjeld kol- og stålvarer. Det har likevel falle visse uttaler under samtaler som tyder på at sjølv om vi formelt har fritt val, er der på kommisjonshald i det minste eit temmeleg sterkt ønske om at vi skal velge den avtaletype som Sverige og dei andre EFTA-land med unntak av Sveits har valt. Men

formelt har vi i alle tilfelle fritt val. På norsk side har vi difor freista å få utgreidt konsekvensane av desse to alternativa.

Ei arbeidsgruppe under forhandlingsdelegasjonen har hatt kontakt med dei industriar som er særleg interesserte i desse spørsmåla, nemleg dei stålproduserande og dei stålforbrukande industriar. Denne kontakt har synt klårt at den stålforbrukande industrien har sterke innvendingar mot å godta EF's prissystem, medan den stålproduserande er i favør av det som ein for lettvint skuld kan kalla den svenske type. Det vil – så vidt ein kan døma det i dag – verta særskilt vanskeleg å avvega næringsinteressene på dette felt mot kvarandre og samstundes ta stode til korleis vår holdning her vil kunna verka inn på våre forhandlingar reint generelt. Som statsministeren var inne på, er dette tvillaust eit av dei spørsmål som det vert aktuelt å koma attende til og få drøfta her i den utvida utanrikskomiteen i ikkje alt for fjern framtid.

Ministerrådets 113-komite heldt sine møte i førre veke, den 8. og 10. januar. Under desse møta kom, som ein kanskje måtte rekna med, dei einskilde lands næringsinteresser sterkt i forgrunnen. Dei synspunkta som vart gjort gjeldande under komiteens behandling av saka, peika då tydeleg mot eit vesentleg strammare opplegg enn det som var kome frå Kommisjonen.

Komiteens rapport vart handsama av COREPER sist fredag. Ved handsaminga i COREPER vart komiteens opplegg noko endra, men resultatet av handsaminga var likevel framleis eit klårt strammare forhandlingsopplegg enn Kommisjonens, og det er ikkje tvil om at ei avtale etter dette opplegget ville innebere at Norge ville få ei därlegare avtale enn dei andre EFTA-landa.

Så vidt eg skjønar, har komiteen via formannen fått seg tilsendt dei meldingar som vi har fått frå ambassaden i Brussel, som gjev oversikt over kva som skjedde i COREPER, og eg skal difor også gå forbi detaljane i COREPER's rapport til Ministerrådet.

COREPER's rapport vart så handsama i Rådet den 15. januar, altså i går, og sjølv om det via pressa er sive ut det meste av hovudpunktene i dette, skal eg få lov til å gjera greie for kva vi via meldinga frå ambassaden kjenner til om det som hende på Ministerrådets møte i går.

Drøftingane om den norske saka som tok til utpå ettermiddagen, konsentrerte seg om å finna fram til eit kompromiss når det galdt industriwaresektoren. Ved innleiinga til møtet understreka presidenten betydningen av at ein snarast råd kom fram til eit mandat for forhandlingar med Norge. [5] Etter dei opplysningsane som vi har fått, vart det under drøftingane i rådet semje om at den normale overgangsperiode for industrivarer skal vera $4 \frac{1}{2}$ år for Norge, som det er i handelsavtalene med dei andre EFTA-land.

Det vart vidare semje om at overgangsperioden for papir og papp skal vera den same som i artiklane 1 og 3 i protokoll 1 i dei tilsvarande avtaler, dvs. 11 år, og at overgangsperioden for spesialstål skal vera 7 år, slik som det er fastlagt i dei same avtalene.

Deretter gjekk Ministerrådet over til å drøfta overgangsordningane for råaluminium, og her støytte ein då borti dei sterke franske synspunkta knytte til dette

produktet. Den franske delegasjonen, som tidlegare i førebuande møte i 113-komiteen, og så vidt eg hugsar også i COREPER, hadde gått inn for 10 års overgangstid bl.a. for dette produktet, erklærte at dei i prinsippet var villige til no å akseptera ein 7 års tollavviklingsperiode, men på to vilkår. Det første av desse vilkåra var at det skulle nyttast ein metode for berekning av plafondar når det galdt råaluminium, som avvik fra systemet i andre handelsavtalar, utan at denne metoden vart klårt presisert. Opplysningar på ulike hald tyder på at metoden har som utgangspunkt det aktuelle importbehovet pluss marknadsperspektiva i aluminiumsindustrien. Det andre vilkåret var at det skulle takast med direkte tilvisning til artikkel 24, slik som den finst i dei andre handelsavtalene, som gjev høve til å treffa tiltak grunngjevne i den tolldisparitet som er til stades mellom Norge og Fellesskapet når det gjeld aluminiumoksyd. Frankrike syntet her til den konkurransemessige føremenn som dei meinte at norsk industri hadde ved at vi har tollfri import av oksyd.

På dette trinn i utviklinga i møtet kom det fram klår usemje. Det franske forslaget når det galdt aluminium, vart imøtegått av ei rekke delegasjoner og frå Kommisjonen under tilvisning til at også kontinental industri dekkjer det meste av sitt oksydbehov ved tollfri import.

Då forhandlingane om aluminium hadde vart i om lag to timer, kom Rådet til den konklusjon at det ikkje var mogleg å nå fram til semje i dette møtet og vedtok å senda heile sakskomplekset attende til COREPER med sikte på at ein gjennom dette organ skulle freista å arbeida seg fram til eit kompromiss.

Dersom COREPER maktar å finna fram til ei løysing som det vert semje om i COREPER, er det føresetnaden at mandatet kan vedtakast ved skriftleg prosedyre eller eventuelt i det rådsmøtet som skal haldast på landbruksministernivå etter måten snart, i alle tilfelle før 5. februar. Skulle ikkje dette lukkast, er det føresetnaden at heile spørsmålet skal takast opp att i det møtet som skal haldast i Ministerrådet 5. og 6. februar.

Sidan diskusjonen kring aluminiumssaka tok så lang tid, fekk ikkje Ministerrådet tid til å drøfta dei andre «følsomme» varene.

[6] Det vart elles opplyst at det under møtet var klårt at tre delegasjoner – det var Frankrike, Nederland og Irland – holdt fast på sin motstand mot å inkludere fiskevarer i Kommisjonens mandat, medan den britiske og danske delegasjonen med støtte frå den tyske gjekk inn for formuleringar som ville gjere det mogleg å koma attende til fiskevarenes stilling på eit seinare tidspunkt av forhandlingane. Eg går ut frå at det er formuleringar som er i tråd med dei som Kommisjonen nyttar i sitt mandatutkast.

Når ein ser attende på den førebuande handsaming av mandatet som har skjedd til no, merkar ein seg at ho i stor monn har vore prega av ei slag registrering på dei einskilde land sine særønske. Dette er særleg karakteristisk på eit tidleg trinn i førebuinga, spesielt i 113-komiteen og delvis også i COREPER.

Eit typisk døme på korleis særleg einskilde lands særinteresser slår igjennom, er Frankrikes innsats for å ivareta aluminiumindustriens interesser. Det at COREPER's opplegg framføre møtet i går inkluderte m.a. aluminiumhalvfabrikata

blant dei «følsomme» varene og, så vidt eg skjørnar, bygde på ei meir restriktiv handsaming av importplafondar for råaluminium, er vel eit uttrykk for at dei vanskane som aluminiumindustrien i dei andre europeiske land, i første rekke Storbritannia og Vest-Tyskland, er oppe i, har ført til at desse land har hatt visse vanskar med å stå mot Frankrikes press på alle punkt.

Den politiske vurderinga og samansmeltinga av dei ulike krav til ein heilskap slår sjølvsgart først og fremst gjennom med full styrke ved handsaminga i Rådet. Det er grunn til å tru at meir allmenne politiske vurderingar vil måtte koma til å setja sterkare preg ikkje berre på Rådets handsaming, men også slik at dei mest vidtgåande krav kan verta dempa. Det som hende i rådsmøtet i går, er vel også ein klår indikasjon på dette.

I samsvar med det norske ønske om ei rask framdrift av forhandlingane ga Ministerrådet som nemnt allereie under den første formelle behandling av Kommisjonens rapport den 19. desember uttrykk for at ein ville freista å fastsetja forhandlingsmandatet på rådsmøtet den 15. januar. Allereie i god tid før dette fekk ein likevel under samtaler i Brussel det inntrykk at ein på kommisjonshald ikkje rekna med at det var realistisk å tru at ein ville få eit mandat så tidleg som den 15. januar, og at ein på kommisjonshald rekna med datoane 5. og 6. februar som det mest trulege tidspunkt for eit formelt mandat.

Det var først seint i førre veke at det vart sannsynleggjort at Ministerrådet likevel ville freista å gjera eit vedtak om mandatet for Kommisjonen. Det er for så vidt typisk at onsdag eller torsdag fekk vi melding om at generaldirektør Wellenstein i ei privat samtale hadde gjeve uttrykk for at han såg det slik at det måtte til eit mirakel dersom det skulle verta eit mandat mandag, medan det to dagar seinare frå tilsvarande velinformert hald vart sagt at det sannsynlege for eit mandat den 15. var over 50 pst.

[7] Vi veit no at dette ikkje lukkast. Den behandlingsmåte som det vart semje om i går, dette at ein skal overlata til COREPER – dersom dei maktar å koma fram til ei samrøystes løysing – å fastleggja mandatet, viser likevel klårt at Rådet framleis er innstilt på å driva saka fram så raskt som råd.

Bakgrunnen for at Rådet ei tid i førre veke hadde ei von om å kunna nå fram til eit vedtak så tidleg som i møte mandag, var at Rådet hadde valt ein noko annan framgangsmåte enn den ein opphavleg skulle gått ut frå, nemleg dette å gjera vedtak om eit såkalla delmandat. I denne samanheng har eg lyst til å seia nokre få ord om Regjeringas stilling til det tenlege eller ønskjelege i denne framgangsmåte.

Regjeringas siktspunkt er som kjent ei avtale som kan gje grunnlag for eit breitt handelsspolitiske samkvem og samstundes ei balansert avtale. Desse hovudsynspunkta kan etter Regjeringas mening ikkje tilfredsstilla gjennom ei avtale der viktige norske eksportvarer vert haldne utafor eller gjevne spesielt lange overgangstider for tollnedtrapping. På denne bakgrunn baud utviklinga i førre veke, då det vart klårt at dersom resultatet av handsaminga i COREPER dreiv i retning av at det kunne verta gjort vedtak om eit delmandat som, så vidt eg skjørnar, berre skulle omfatta industriektoren, på problem.

På den eine sida er vi sjølvsagt sterkt interessert i å få forsert forhandlingane så sterkt som mogleg, og eit delmandat kunne vera positivt i den lei. På den andre sida kunne eit delmandat etter vårt syn gje eit mindre tilfredsstillande utgangspunkt for våre forhandlingar dersom viktige norske krav gjennom delmandat vart lagde til sides på ubestemt tid, slik at dei ikkje kunne trekkjast inn i det samla forhandlingsspelet.

Samtidig var det delmandat som tok til å avteikna seg, på fleire punkt lite gunstig for Norge. Etter nøyne å ha vurdert alle sider ved dette spørsmålet, kom Regjeringa til at ho utan å gje inntrykk av at ein på nokon som helst måtte freista å seinka forhandlingane ville vende seg til ein skilde av EFTA-landa som ein rekna med hadde visse sams interesser med oss, i alle fall i ein skilde spørsmål, og minne om Norges grunnleggjande syn på innhaldet av ei handelsavtale og be om at det ved røystinga i Rådet vert teke omsyn til dette.

Korleis spørsmålet om delmandat står no i dag etter det som hende i gårdsdagens rådsmøte, er noko uklårt. Om det som kjem ut av den nye omgangen med handsaming i COREPER og eventuelt i Rådet, som det no er lagt opp til, vil resultera i eit delmandat, slik som planane var før rådsmøtet mandag, eller om det ut av denne nye omgangen kan koma eit fullstendig mandat, slik som vi gjerne har ønskt det, står på om det i COREPER, eventuelt i eit nytt rådsmøte dersom COREPER ikkje når fram til semje, vert funne fram til formuleringar som på alle vesentlege punkt er slik at alle medlemmer kan akseptera dei.

[8] Den reise som no skal gjennomførast til hovudstadene i medlemslanda for å ha samtaler med dei ministrane som er ansvarlege for marknadspolitikken, og gjennom dei gje uttrykk for det norske syn, får på denne bakgrunn auka aktualitet.

Kor raskt reelle forhandlingar kan koma i gang, er det sjølvsagt umogleg å seja noko om i dag. Det kan gå fort dersom situasjonen i COREPER er vorten den at dei raskt kjem fram til semje. Dersom det ikkje skjer, slik at saka må tilbake til Rådet, kan dei formelle forhandlingane sjølvsagt først ta til etter den 5. og 6. februar.

Formannen: Jeg takker handelsministeren for redegjørelsen.

Jeg har tre spørsmål å stille. Det første er dette: Er det slik å forstå at Regjeringen nå vurderer vår forhandlingssituasjon på den måten at Norge under alle omstendigheter vil måtte godta enkelte avvik fra det mønster som ligger til grunn for de avtalene de andre EFTA-landene har fått, slik at vår avtale i så måte blir strammere eller dårligere enn avtalene for Sverige og de andre EFTA-landene?

Det andre spørsmålet gjelder fiskeeksporten og det som har vært nevnt om fiskerigrensesaken i samme forbindelse. Er eventuell binding av den norske fiskerigrensen knyttet sammen med fiskevarer alene, eller er det ting som tyder på at det vil bli stilt krav i den retningen for overhodet å oppnå en handelsavtale?

Det tredje punkt jeg gjerne vil ha klarlagt litt nærmere, er det statsministeren var inne på om skipsfartspolitisk samarbeid. Er det så at EF-landene der er innstilt på forhandlinger om dette nå, parallelt med de egentlige handelsforhandlinger, eller står den saken i en annen stilling?

Statsminister Lars Korvald: Handelsministeren får kanskje svare på spørsmålet angående fiskerigrensen. Jeg skal si et par ord om de andre spørsmålene.

Hvor vidt vi må godta en avtale som skulle være dårligere enn den svenske, er det etter min vurdering for tidlig å si noe om. Vi kan vel si at det som det ble oppnådd enighet om på møtet i Ministerrådet i går, må regnes som det forhandlingsmandat Kommisjonen vil arbeide ut fra. Det er neppe grunn til å tro at det vil bli noen endring på de områder – jeg tenker da på 4 ½ år generelt, 11 år for papp og papir og om mulig 7 år for de andre følsomme varer. Men når det gjelder det siste, står det altså igjen vanskelige punkter, og det var der det strandet i Ministerrådet i går, bl.a. på aluminium og aluminiumhalvfabrikata. Det er ennå åpne spørsmål hvor vi ikke uten videre kan si at vi må godta noe. For det første kjenner vi ikke det endelige forhandlingsmandat, og dessuten vil det bli forhandlingstema [9] hvor vi må kjøre meget hardt på for å få en bedre avtale enn det som det syntes å bli lagt opp til i går.

Når det gjelder skipsfartspolitikken, lå det i Kommisjonens forslag et opplegg til at man ikke uten videre ville ta dette saksområde inn i avtalen, men ville komme tilbake til det i form av en konsultasjonsordning. Det er vel på den fløyen man må kjøre inn, uten at man kan si noe bestemt om det. Det ligger jo noe angående dette i de rapporter og uttalelser som er oversendt, og det er kanskje det formannen tenker på. Det er underhåndssopplysninger som vi har skaffet oss, og som selvsagt vil være verdifulle for oss når vi skal føre forhandlingene videre.

Statsråd Hallvard Eika: Når det gjeld det spørsmålet formannen kom med om fiskerigrensa, er det berre å seia at det aldri har kome fram noko, korkje i samtaler eller på annan måte, som har indikert at dei knyter binding av fiskerigrensa til spørsmålet om norsk handelsavtale. Det har alltid vore nemnt i samband med spørsmålet om tilgjenge til Fellesskapet for fiskevarer.

Når det gjeld spørsmålet om kva vi måtte koma til å akseptera i ei avtale, om det vil verta vesentleg därlegare enn den svenske avtala, eller ikkje, er det, som statsministeren òg sa, sjølv sagt umogleg på det noverande tidspunkt å ha noka klår oppfatning om kva som vil koma ut av forhandlingane. Men eg synest vi har ein indikasjon i det mandatet som Kommisjonen har utarbeidt. Det er det einaste mandat som er utarbeidt av eit organ som også har vurdert heilheita og dei politiske aspekt i denne samanheng. Det mandatet er altså det svenske mønster – for å bruka det uttrykket – pluss silisiumkarbid. I og med at dette er eit forhandlingsmandat som det skal forhandlast om, og det einaste avviket når det gjeld sjølve prutingsmonnen – om eg så skal seia – gjeld dette eine feltet, synest eg det peikar mot at det organet i alle fall meiner at vi burde få den same type avtale som dei andre. Dei held i sitt forhandlingsmandat også moglegitene opne for å drøfte fiskerispørsmåla og skipsfartkonsultasjonar.

Knut Frydenlund: Det er selvsagt noe vanskelig å få et ordentlig bilde av situasjonen så lenge Ministerrådet ikke har nådd fram til enighet om

forhandlingsmandatet, men det gikk tydelig fram av handelsministerens redegjørelse at det opplegg til mandat som nå synes å avtegne seg, ikke er tilfredsstillende for Regjeringen, slik handelsministeren uttrykte det.

Det spørsmål jeg har lyst til å ta opp, gjelder selve framdriftsplanen og spørsmålet om overholdelse av tidsfristen 1. april. Jeg la merke til at handelsministeren i fjernsynet forleden antydet muligheten av at forhandlingene kunne trekke i langdrag. Jeg husker ikke nøyaktig hvordan det ble sagt, men jeg fikk inntrykk av at han ikke så bort fra muligheten for forsinkelse.

[10] Mitt spørsmål er: Hvordan vurderer man virkningene av en slik forsinkelse på selve forhandlingsatmosfæren i Brussel? Mitt synspunkt er at når det først er oppnådd enighet i Ministerrådet, er dette forhandlingsmaskineriet så tungvint at det er svært vanskelig å gå tilbake til Ministerrådet og der oppnå enighet om noe nytt, med mindre det får sterk støtte av Kommisjonen. Jeg spør derfor hvordan Regjeringen vurderer en eventuell forsinkelse her – om man ved å fortsette forhandlingene utover den oppsatte timeplan regner med å oppnå vesentlige bedringer når det gjelder resultatet, eller om man har tenkt på at det kan slå ut den andre veien, at det da vil oppstå en irritasjon på den andre siden av bordet over å måtte fortsette forhandlingene ytterligere, og at det vil kunne slå ut i negativ retning?

Statsminister Lars Korvald: Jeg kan svare på hr. Frydenlunds spørsmål med en gang. Regjeringens timeplan er fortsatt at man vil forsøke å få avtalen i stand til 1. april. Det ligger også i de omsendte dokumenter et ønske fra Fellesskapets side om at man må forsøke å nå fram til det. Det som eventuelt kan føre til at man går ut over en slik timeplan, er at selve forhandlingene måtte føre til at det viser seg å være umulig. Men så vidt jeg kan bedømme nå, er det fra begge sider et klart ønske om at dette skal man forsøke å nå fram til, og jeg ville anse det som det mest gunstige. Man kan senere, uten at jeg på noen måte kan eksemplifisere det nå, komme i en slik situasjon. Det kan man vel ikke se bort fra. Men vår vurdering i dag er at det er hensiktsmessig å drive saken fram og forsøke å få avtalen i stand til 1. april.

Gunnar Alf Larsen: Jeg vil først si til handelsministeren at jeg synes det er et dårlig utgangspunkt for handelsavtaledrøftelser i fremtiden, det han i dag sier i «Dagbladet» om at hva han enn kommer hjem med, blir det betraktet som en dårlig avtale. Sånt noe bør ikke handelsministeren si. Jeg for min del er beredt til å diskutere den avtale som handelsministeren måtte komme hjem med, på et saklig grunnlag i relasjon til avtalene med de andre EFTA-land.

Men det var ikke dette jeg forlangte ordet for å si. Det er et spørsmål jeg gjerne vil ha litt mer klarlagt. Handelsministeren sier at vi nå er inne i et viktig stadium av forhandlingene. Det tror jeg er riktig. På den annen side har representanter for Kommisjonen i Brussel sagt at Norge må, for å komme videre, gjøre seg opp en mening om bestemte ting. Mitt spørsmål er da om Regjeringen – det har den i hvert fall ikke fortalt at den har gjort, men det burde den etter min

mening gjøre – har gått igjennom opplegget på grunnlag av f.eks. det som Wellenstein sier, at nå må en, for å komme videre, erklære sitt standpunkt i det ene og det andre spørsmål. Mye av innholdet i de reelle forhandlinger som det snakkes om, og som det skal lages opplegg til, ligger jo i det mandatet som [11] først skal fastsettes. Det gjelder viktige spørsmål. Da er det om å gjøre at man ikke venter med argumentene og ikke venter med det en – skal vi si – ønsker å gi, til etter at Rådet har fastsatt forhandlingsmandatet. Mitt hovedpoeng er at en ikke må vente så lenge med å ta standpunkt til visse sider av denne saken at en ikke får noe igjen for dem i relasjon til det mandat som nå utarbeides fra Fellesskapets side. Det antydes likesom hele tiden at hvis det ikke går bra nå, skal vi ta det opp etterpå i de reelle forhandlinger. Men det er om å gjøre å få det inn i forhandlingsmandatet, og da må vi handle nå, mens det er tid.

Statsråd Hallvard Eika: Eg er ikkje heilt sikkert på kva representanten Gunnar Alf Larsen tenkjer på, men dersom eg har forstått han rett, er det vel rett å svara dette: Vi har ikkje fått nokon indikasjonar på at manglende standpunkt i saker frå norsk side er medverkande til at det går så pass seint i avgjerdsprosessen i Fellesskapet. Vi har ikkje fått nokon indikasjon på at problema ligg på vår side. Det som har gjort at det har gått noko seint, er for det første at avgjerdsprosessen i Fellesskapet erfaringsmessig tar tid når det gjeld saker av denne type. I tillegg klaffa det saman med at ein fekk utvidinga av Fellesskapet og ein ny Kommisjon. Regjeringa har gjennomdrøfta og tatt standpunkt til dei sakene som etter vår oppfatning har vorte modne, slik at vi har den nødvendige basis for å ta standpunkt, men det er klårt at det er ei rekke viktige spørsmål som enno ikkje har nådd så langt fram i modningsprosessen at vi har den nødvendige basis for å ta endelig standpunkt til dei.

Bernt Ingvaldsen: Kan jeg få ordet til replikk?

Formannen: Vær så god!

Bernt Ingvaldsen: Når det gjelder det handelsministeren nå sa, vil jeg vise til det som står på side 2 i notatet «Samtale hos generaldirektør Wellenstein den 19. desember 1972». Der står det bl.a. når det gjelder fisk:

«Han sa at når det gjaldt fisk, ville det ikke være nok for EF at Norge begrenset seg til å si at vi ikke hadde til hensikt å utvide fiskerigrensen før etter FN-konferansen om havets folkerett. Det trengtes en mer konkret formel. Han ville innstendig anmode oss om å tenke igjennom hvordan vi kunne legge opp fiskeriproblematikken til det førstkommande møte. Hvis vi fra vår side her kunne komme med et utspill på første forhandlingsmøte, ville forhandlingene ha vunnet på dette.»

Dette må da vel være en oppfordring om utspill fra norsk side?

[12] Statsråd Hallvard Eika: Det første forhandlingsmøtet er ikke tidfest enno, så vi har ikke høve til å leggja fram vårt syn på det spørsmålet.

Kåre Willoch: Jeg vil gjerne høre om handelsministeren på sin rundreise vil ha et standpunkt å legge frem til de spørsmål som Wellenstein omtalte i den av hr. Ingvaldsen siterte rapport.

Statsråd Hallvard Eika: Regjeringa har gjeve uttrykk for sitt standpunkt til fiskerigrensespørsmålet tidlegare. Slik vi bestemmer det no, er det ingen grunn til å konkretisera det i andre former før problemet eventuelt vert klårare konkretisert frå Fellesskapet si side. Eg trur det er full basis for å nå lenger i klårgjering mellom dei to partane på grunnlag av det standpunktet som Regjeringa alt har formulert når det gjeld fisk.

Knut Frydenlund: Jeg har også en replikk. Handelsministeren sa at det ikke var nødvendig å ta stilling til dette spørsmålet om fiskerigrensen før problemet blir klarere konkretisert fra EF's side. Da vil jeg understreke betydningen av den side av saken hr. Gunnar Alf Larsen reiste, for i det øyeblikk EF har klarert dette spørsmål, og det er blitt nedfelt i mandatet, blir det ikke mye å forhandle om. Det skal nemlig enormt mye til for at Ministerrådet, så tungvint som apparatet er, endrer sitt standpunkt. De reelle forhandlinger for oss finner derfor faktisk sted før mandatet er ferdig, og ikke etterpå, fordi det da er svært vanskelig å få en endring i det.

Kåre Willoch: Så vidt jeg har forstått den rapport som hr. Ingvaldsen siterte fra, mener generaldirektør Wellenstein at det ville være en fordel for Norge å skissere et utspill vedrørende sammenhengen mellom fiskerigrensen og en handelsavtale for fisk, mens jeg forstår handelsministeren nå slik at han mener at vi ikke skal formulere noe utspill før det er kommet en klart formulert oppfatning fra den annen side. Jeg vil gjerne høre om det er riktig oppfattet.

Statsråd Hallvard Eika: Det er for så vidt rett i den forstand at vi ser det slik at det ikke vil tena vår sak å gå frå det standpunktet til fiskerigrensespørsmålet som har vore formulert og halde fram tidlegare. Men eg er ikke i tvil om at dette spørsmålet vil koma opp under dei samtalene vi skal ha i dei komande dagane, og at det er vel lønt å utdjupa og forklara kva som ligg i det norske standpunktet. Eg trur at mykje av problema i tilknyting til fiskerigrensespørsmålet byggjer på manglende kjennskap til og innsikt i det norske standpunkt, og i så måte vil vi under denne reisa vera opptatte med fiskerigrensespørsmålet.

[13] For å gå tilbake til det som representanten Frydenlund sa, er eg einig i at det noverande tidspunktet er gunstig for å få påverka det sentrale ledd i forhandlingane som utforminga av mandatet er, og det er dette som er hovudbakgrunnen for denne reisa. Eg vil likevel gjerne leggja til at sjølv om vi erfaringsmessig veit at eit mandat verkar relativt bindande, så veit vi også frå forhandlingar med «dei seks» EFTA-landa at Kommisjonen har gått tilbake til Rådet

og fått eit fornja mandat når det første mandatet er uttømt. Eg går ut frå at det kan koma til å verta situasjonen også no i dei norske forhandlingane.

Formannen: Vi går tilbake til talerlisten.

Otto Lyng: Etter de opplysninger vi har fått i den senere tid, og etter den redegjørelse vi har fått i dag, sitter jeg igjen med følgende inntrykk, og jeg vil spørre om det er riktig:

Da vi gikk til det skritt å forhandle om en handelsløsning, forstod jeg det slik at utgangspunktet var det svenske mønster, men at man ville øke å få dette forbedret på grunn av sammensetningen av industriproduksjonen i vårt land, som medførte at selv det svenske mønster ville bety en dårligere handelsavtale for Norge enn for Sverige. Det var vel også det inntrykk som alle satt igjen med etter den hektiske EF-valgkamp, at det var der spørsmålet i realiteten lå. Nå forstår jeg det slik – jeg vet ikke om jeg da oppfatter det riktig – at man er i ferd med å slåss for at resultatet ikke skal bli ugunstigere enn den svenske løsning, og at Regjeringen nå må sette alle krefter inn på å prøve å ro i land en avtale som den som Sverige har fått. Det vil med andre ord si at man skal øke å unngå at listen over følsomme varer blir utvidet. Det vil selvsagt også si at man i tillegg skal øke å få fisk med, og det innebærer også at man må øke å få redusert tollnedtrappingstiden for enkelte varer, som det altså nå ser ut som om man kan risikere å få forlenget i forhold til den svenske løsning. Er det riktig at vår forhandlingsposisjon, slik som det nå ser ut, sett fra Regjeringens synspunkt er denne, altså vesentlig ugunstigere enn det man opprinnelig hadde som utgangspunkt, og at kampen nå står på det punkt?

Endelig har jeg lyst til å spørre om man vet noe nærmere om det som kom til uttrykk fra stedfortredermøtet, at man fra Fellesskapets side også ønsker en åpning for visse varer i landbruks-/hagebrukssektoren, hvilket vel heller ikke var forutsatt.

Jeg vil gjerne få bekreftet om dette er stillingen slik som den fortuner seg i dag. I så fall er jo den fase vi er inne i, med det som vi muligens kan oppnå, nokså deprimerende sett fra norsk synspunkt – også sett i relasjon til de forhåpninger man stilte seg før forhandlingene om en handelsavtale begynte.

[14] Statsminister Lars Korvald: Når det gjelder hr. Lyngs spørsmål, ligger det atskillig i de dokumenter som alle her nå kjenner til. Regjeringens memorandum trekker opp det norske syn på en handelsavtale, og som vi har vært inne på tidligere her i komiteen, er det et ambisjonsnivå som må anses å ligge høyt. Jeg har tidligere, også i Stortinget, gjort meg til talmann for at de krav man stiller opp, bør ligge høyt, og man må ta risikoen på at det resultat man kommer til, blir liggende lavere. Det er noe som hører forhandlingene til. Det er nå en gang spørsmål om å ta og gi i enhver forhandling, enten det gjelder medlemskap eller handelsavtale, det skulle vi kjenne godt til.

Det opplegg som Kommisjonen kom fram til, var etter min vurdering ut fra en helhetsvurdering på mange måter et ikke så verst opplegg. Så kom COREPER's behandling av det, som førte til en innstramming, og så fikk vi behandlingen i

Ministerrådet, som ikke førte fram. Det opplegg som forelå fra COREPER, mener jeg var et opplegg som ikke ville ha vært noe godt utgangspunkt for oss, så om vi kan få det forbedret ved at behandlingen nå er utsatt, vil det være gunstig når man skal gå til forhandlingene. Det man kommer fram til på EF's side, er et opplegg til forhandlinger. Vi har vårt opplegg til forhandlinger på den annen side, og det er klart at vi til en hver tid vil kjempe for å komme så nær vårt opplegg som mulig. Jeg må si her i denne komite at vi står foran harde forhandlinger, og det har vi ment hele tiden, uansett. Jeg skulle gjerne se at man omga det man går inn for, med en viss positivitet. Det hører også med når man skal føre en kamp, slik at det ikke bare er de negative sidene som trekkes fram, spørsmål om det er slik at man nå taper osv. Her gjelder det virkelig reelle forhandlinger for å nå fram til et så godt resultat som det overhodet er mulig å få. Hvor vidt vi vil få et dårligere resultat enn den svenske avtalen, som det er spurt om her, eller et bedre resultat, er det for tidlig å si noe om. Det opplegg som forelå fra COREPER, var som sagt et opplegg som vi ikke var helt tilfreds med.

Spørsmålet om landbruk og hagebruk får handelsministeren svare på.

Statsråd Hallvard Eika: Der kan eg berre svara at dei ymt som har kome i ymse dokument, m.m. frå handsaminga i 113-komiteen og i COREPER, om at det kan koma til å verta stilt krav i samband med jord- og hagebruk, er i og for seg ikkje forbausande. Slike krav har også vore stilte overfor Sverige, og det har vore gjeve einsidige innrømmelsar både av Sverige og einskilde andre EFTA-land. Vi har difor vore innstilte på at slike krav kan koma opp. Til no har det altså ikkje materialisert seg konkrete krav, men personleg går eg ut frå at slike vil koma under forhandlingane.

[15] Erling Petersen: Så lenge forhandlingene ikke er avsluttet, er det klart at det er et åpent spørsmål hva man vil måtte godta for i det hele å få en handelsavtale. Statsministeren sa at man under forhandlinger må sikte høyt og stille store krav. Det er riktig. Han sa også at forhandlinger er å ta og gi. Jeg har da et spesielt spørsmål: Kan det pekes på noe punkt hvor vi har fått godkjent eller klarlagt en avvikelse fra mønsteravtalen som er direkte, positivt fordelaktig for Norge? Hvis ikke, betyr jo alle avvikeler fra mønsteravtalen at de er negative ut fra norsk vurdering.

I og for seg er ikke det noen overraskelse, men en høyst ubehagelig kjensgjerning. Blant folk som er vant til å analysere internasjonale avtaler, var det vel en alminnelig oppfatning at når det gjelder avtalen om medlemskap, fikk Norge flere innrømmelser og en mer velvillig behandling enn noen av de andre søkerland. Det vil kanskje forlede noen til å tro at det samme vil være tilfelle med handelsavtalen, at vi ville stå meget gunstigere enn de andre EFTA-landene. Vi har som sagt ikke sett sluttresultatet, men det ser ut som om man må forberede seg på – noe man vel egentlig ikke er forbauset over – at det er en stor feiltagelse.

Tor Oftedal: Mitt spørsmål har direkte sammenheng med det resonnement hr. Otto Lyng her gjorde gjeldende. Jeg vil spørre: Er Regjeringen forbauset eller skuffet over det som hittil har skjedd i denne saken, eller har det gått noenlunde slik som man måtte vente på forhånd? Spørsmålet må bl.a. ses på bakgrunn av de etter min oppfatning nokså optimistiske utsagn både fra Regjeringens medlemmer og forhandlingslederen i presse og kringkasting ved årsskiftet.

Fredheim frafalt ordet.

Bernt Ingvaldsen: Her driver man med forhandlinger, og det er handelsforhandlinger som er meget nøkterne og forretningsmessige. Hvis jeg skulle ha drevet de forhandlingene, ville jeg ha gjort mest mulig ut av det vi kunne yte de andre. Skal man få et godt resultat av forhandlinger, må motparten også ha fordeler. Her har jeg inntrykk av at handelsministeren sitter på alle kortene, og så skal man hale dem ut av ham etter hvert som man finner det mulig. Og i mellomtiden lager man så forhandlingsmandatet. Jeg tror det er en feilaktig måte å gripe det an på. F.eks. når det gjelder fisk, står det at de ønsker et forslag fra oss. Det er ikke kommet, altså må det hales og tvinges fram. Og så står det i samme dokument som jeg refererte før, når det gjelder skipsfart:

«Når det gjaldt konsultasjonene, påpekte Wellenstein at man fra EF's side hadde sagt seg villig til å finne fram til egnede konsultasjonsordninger når det gjaldt skipsfart. EF hadde på sin side reist krav om tilsvarende konsultasjoner når det gjaldt olje.»

[16] Har ikke handelsministeren lest det? Jeg hørte ikke noe om det her, og jeg mener det er klart at dette er spørsmål som før eller senere vil komme frem, og det måtte være interessant også for oss å høre hvordan Regjeringen vil svare.

Statsråd Hallvard Eika: Får eg seia noko med omsyn til Wellensteins utsegn med omsyn til fiskerigrensa. Det som Wellenstein har hatt i tankane, er opningsmøtet under forhandlingane, ikkje rádsmøtet.

I tillegg vil eg gjerne føye til at det som no skjer, er ein beslutningsprosedyre innan Fellesskapet der Fellesskapet tek sikte på å forma si målsetting og sitt forhandlingsopplegg. Vår innverknad på det går sjølv sagt først og fremst på å klårgjera våre standpunkt og vårt syn så langt som det høver på dette trinnet i prosedyren. Å begynne regulære forhandlingar – som eg forstår representanten Ingvaldsen er inne på – på det noverande tidspunkt, før Fellesskapet sjølv har diskutert seg fram til og klårgjort kva det ønskjer på dei forskjellige punkt, vil ikkje etter vår oppfatning vera den rette framgangsmåten.

Bernt Ingvaldsen: Jeg har forstått det litt annerledes. Jeg har forstått det slik at spillet har vært at Norge først har måttet fremkomme med sin oppfatning av sakene og sine ønskemål. Deri ligger også hva vi eventuelt ønsker å yte. Jeg må være enig med hr. Gunnar Alf Larsen i at når man skal få fastsatt forhandlingsmandatet, må det være på et så reelt grunnlag som mulig og ikke slik at

Den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite

Møte tirsdag den 16. januar 1973 kl. 9.00

Ministerrådet fastsetter forhandlingsmandatet uten å ta hensyn til en del viktige punkter. Det måtte også være interessant å vite hva handelsministeren vil si om disse ting når han nå skal reise rundt til hovedstedene og forklare de norske standpunkter, for disse spørsmål er reist direkte av Wellenstein.

Formannen: Jeg har ikke flere på min talerliste. Hvis Regjeringen da ikke har mer å forebringe om denne saken nå, går jeg ut fra at komiteen under alle omstendigheter får en redegjørelse når handelsministeren er tilbake fra sin tur, og at vi i mellomtiden, om nødvendig, blir holdt à jour.

Spørsmålet om neste møte i den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite bør vi avgjøre før vi hever møtet. Jeg vil foreslå at vi tar et nytt møte torsdag og setter det til kl. 9 og ikke til kl. 10 som innkallingen lyder på, slik at vi da kan få behandlet de andre punktene på dagsordenen. Og om Regjeringen har noe å føye til om EF-saken på det tidspunkt, kan man ta det med. Men først og fremst er det punkt 1 og punkt 3 på dagsordenen som vil bli behandlet på torsdag. Torsdag kl. 9 blir altså neste møte.

Møtet hevet kl. 10.05.